



Dato: 02.10.2013 kl. 18
Stad: Gamleskulen
Deltakrar: Kristian Bringedal, Jan Erik Olsson, Andreas Tarberg, Alf Hjønevåg, Berit H. Døssland, Hans Ordin Østebø
Referent: Hans Ordin Østebø

Styremøte

Sak 30/2013 Referatsaker

- Kontoar oppretta i DNB
- 14/9-13 – Konfirmantjubile – Bygdatur og omvisning på Brødrene Hjønevåg. Blomahelsing frå Uskedal utvikling til Brødrene Hjønevåg.
- 17/9-13 – Kristian Bringedal – Møte med kommunen vedrørende Arealstrategi for Uskedalen.
- 28/9-13 – Spar Uskedal, Beste butikk – Blomahelsing frå Uskedal utvikling

Sak 31/2013 Kjellaren (Status)

Elektro:

- Ny inntakskabel er lagt ned.
- Nytt sikringsskap er levert, ikkje montert. Montasje og omkopling i slutten av oktober.

Byggteknisk:

- Avretting kjellargolv med singel.
- Utfordring med ny dør mot vest, grunna gamal trapp opp til utgangsdør vestsida. Styret konkluderte med at gamal trapp må rivast.
- Ved riving av gamal trapp, må det etablerast provisorisk trapp. Dør mot vest er naudutgang.

Andre saker

- Det har meldt seg fleire interessantar som ynskjer å nytta kjellaren til ulike aktivitetar. Formeldt brev er mottatt, ynskje om å nytta kjellaren til næringsverksemd. Omsøkte midlar gjev krav om at lokalet vert nytta ålmennyttige føremål, ikkje næring. Styret har ikkje tatt standpunkt til kva kjellaren skal nyttast til. Svar vert sendt.
- Det er sendt e-post til sparebankstiftinga der det blir bedt om utsett frist på ferdigstilling av kjellar til 1. juni 2014.



Sak 32/2013 Økonomi - Momskompensasjon

Det er god kontroll på økonomien. Det er Cafe Tiaren, annonseinntekt frå uskedal.no og Leige inntekter frå gamleskulen som bidreg mest i positiv retning.

Momskompensasjon

Det er utført ein kjempejobb med gjennomgang av rekneskap, for å finna alle saker som det vert gitt momskompensasjon for. Det er mottatt e-post der det vert etterlyst meir dokumentasjon. Den etterlyste dokumentasjonen er allereie sendt inn, men då til ein anna sakshandsamar.

Sak 33/2013 Områdeplan – Arealstrategi for Uskedalen

I samband med utarbeiding av Arealstrategi for Uskedalen, skal det opprettast ei referansegruppa med representantar frå ulike interessentar i Uskedalen.

Uskedal utvikling stiller i utgangspunktet med Leiar Kristian Bringedal og Hans Ordin Østebø. Dersom det vert god oppslutnad frå andre aktørar, stiller UU med ein representant.

Neste møte

Dato: 6. november kl. 19.00

Stad: Gamleskulen.

Tema: Ikkje fastsett.

Ansvar: Dialogforumet.